B
PORTO BETALT VED INNLEVERINGA P.P. NORGE / NOREG
FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE: Prosit design og kommunikasjon as Pb.122, 6659 Rindal

# KYRKJEBLAD for indre nordmøre

Juni 2014 | «Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldrelause born. Eg kjem til dykk.» Joh 14,18 | Nr. 3 – 74. årgang

## Du som favner alle slekter ved din gode Ånd

Du som favner alle slekter
ved din gode Ånd,
du som nådig ved ditt forsyn
rekker ut din hånd,
Herre, kom ditt folk i møte,
ta imot vår takk og lovsang
for de gaver som har bragt
våre hjerter gledens makt.

Du har holdt din kirke oppe
også her hos oss,
og ditt gledesbud ble kunngjort,
våre svikt til tross.
Gjennom dåpen har du kalt oss,
og i stormvær og i solskinn
får vi følge troens vei
frem til livets mål hos deg.

Vi kan høre vinden suse
i de høye trær,
som har gitt oss le og skygge
langs vår dåpsvei her.
På vår vandring gjennom verden
taler Ånden til vårt hjerte
vi blir minnet om vårt håp,
daglig, inntil dødens dåp.

Mens vi venter på ditt rike
under tidens gang,
har vi del i rikets glede
og dets jubelsang!
Hør oss, du vår kirkes Herre,
kom i dag vårt folk i møte
gjennom kirkens tegn og ord,
gjennom den som ber og tror!

Svein Ellingsen,
Norsk Salmebok nr. 540



*Biskop Ingeborg Midttømme, sokneprest Petter Dahle og prost Leif Endre Grutle under visitasen i Øre. Foto: G. Sødal.*

## Vi skal feira pinse.
## Høgtida for Den heilage Ande, kyrkje og misjon.

Jesu lovnad om å ikkje la læresveinane vera att åleine som foreldrelause born er den innerste kjerna i det som har med kyrkja og Den heilage Ande å gjera, at vi som menneske skal sleppa å vera åleine og overlatne til oss sjølve.
Gjennom dette gir han oss også kraft til å nå nye menneske, som kristne, som kyrkje.

*Velsigna pinsehøgtid!*



# ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrkjekontoret 71 29 39 00
Telefaks 71 29 38 28
E-post sokneprest: petter.dahle@gjemnes.kommune.no
Biletet: Øre kyrkje

# Bispevisitas – takk for godt samarbeid!



*Alle medverkande under visitasgudstenesta – stor involvering! Alle foto: Elin Stenkjær.*





Bispevisitas – til glede, inspirasjon og utfordring – slik opplevde dei fleste av oss visitasen i Gjemnes og Øre. Det omfattande programmet førte til gode møte med barnehage, skuleelevar og lærarar, speidarar, kulturliv og bedrifter, med kommunen og kristenlivet slik det utfaldar seg i kommunen. Visitasgudstenesta søndagen var eit høgdepunkt i ei ellers interessant veke. Ved avslutninga tok biskopen fram kor flott det var å ha visitas i veka etter påske – som er ei spesiell fest-tid for den kristne kyrkja. Takk til alle for godt samarbeid!

## Avskjed for sokneprest Petter Dahle.

Petter takker for seg etter snart 20 år som sokneprest i Gjemnes og Øre menigheter.
Han har vært en kjær prest for oss i mange år. Vi har lært å sette pris på Petter som en særdeles god prest gjennom sin klare forkynnelse, jordnære og lune væremåte. Vi ønsker å takke deg for din trofaste tjeneste gjennom alle år i våre sokn. Vi har vært heldige som har hatt deg hos oss i så mange år. Takk for alt du har vært for oss alle! Takk også til Åshild som står trofast ved din side.
Vi ønsker deg Guds velsignelse i ditt videre arbeid i din hjemkommune Rauma når du nå flytter til Isfjorden og fortsetter som sokneprest der.
Sokneråd , menighetsråd og staben på kirkekontoret.



*Avskjed for sokneprest Petter Dahle*

## Tårnagentar i aksjon.

29.-30.mars var det tårnagenthelg i Øre kyrkje. Her var det deltakarar frå både Gjemnes og Øre, og mange av 3.-klassingane deltok. Vi hadde også i år besøk av politihunden Lukas. Han løyste sine oppgåver med glans, og inspirerte borna til å finne ut av sine mysterier og oppgåver. Tårnagentane deltok aktivt på mange måtar under gudstenesta, og saman med Gospelkoret viste dei veg for den store kyrkjelyden, som gav seg god tid ved dei mange postane under bøne- og nattverdvandringa – og kyrkjekaffien.

## Fasteaksjonen.

Stor takk også til alle som deltok på fasteaksjonen for Kirkens nødhjelp før påske. Her var både konfirmantar, foreldre, folk frå kyrkjelydane og frå sokneråd og menighetsråd i aksjon. Det vart til saman ny rekord i år – kr. 43.855,- Stor takk til alle for innsatsen – ikkje minst alle som tok godt imot bøsseberarane og gav!

## 6 åringar

Vi inviterer dei som er 6 år i år til gudsteneste - og til å få ei bok. I Gjemnes blir dette ved gudstenesta 1.pinsedag – 8.juni. I Øre kyrkje har vi tilsvarande gudsteneste 2.pinsedag. Det kjem nærmare informasjon og invitasjon i posten.

## Konsertar.

Søndag 15.juni blir det sjanse til å høre Nidaros domkor i Øre kyrkje. Dei held ein konsert på ettermiddag – klokkeslett blir kunngjort seinare. Og dirigenten kjenner vi frå før: Magne Harry Drågen!
Laurdag 21.juni blir det konsert med vokalbandet PECHRIMA. Dei har gjesta Øre kyrkje fleire gonger – mange vil gle seg til dei kjem att i år også!



# TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 01 23
Telefaks 71 53 12 40
E-post: post@kirken.tingvoll.no
Biletet: Straumsnes kyrkje

# Tårnagenthelg i Tingvoll kirke



Nå har vi lagt bak oss ei super helg i Tingvoll kirke! Trosopplæringa inviterte 2.-og 3.klassinger fra hele kommunen til ei helg med mange spennende aktiviteter i kirka. Den 3. og 4.mai var 18 tårnagenter, 11 ungdomsledere og 3 voksenledere i full sving med å utforske kirka og å lage gudstjeneste. Vi hadde oppgaver der man måtte samarbeide (bygge høyest mulig tårn med spagetti og marshmallows), lete (finne symboler i kirka), lytte, synge, balansere og huske – slik ble de kvalifiserte Tårnagenter. Vi var oppe i kirketårnet, og det er en opplevelse i seg selv – man må gå inni veggene og klatre opp stiger for å komme helt opp! Og så laget vi en flott gudstjeneste, med Den Hellige Ånd som tema. Den kom dalende ned over menigheten i form av ildfargede ballonger, som ble sluppet fra vinduene høyt oppe på kirkeveggen, fra prekestolen og galleriet. Det ble en livlig og flott gudstjeneste, med bønnevandring og nattverd. Etterpå var det kirkekaffe med Kirkeiskake. Alle var enige om at det hadde vært ei flott helg!

## Ny salmebok

Straumsnes og Tingvoll sokn har denne våren vedtatt å innføre den nye salmeboka til bruk i begge kirker. Det er et økonomisk løft for menighetene å investere i nye salmebøker. Vi har i den forbindelse lyst til å utfordre dere som bruker kirkene våre. Hvis dere har lyst til å støtte opp om det musikalske menighetsarbeidet er det mulig å gi en gave til innkjøp av de nye salmebøkene. Kanskje dere ønsker å kjøpe en salmebok og gi til kirka deres?
For å gi en salmebok kan dere sette inn 299,- på menighetenes konto, og merke gaven «Salmebok».
Straumsnes: 4050.40.5183
Tingvoll: 4050.07.31526
Ved spørsmål ta kontakt med kirkekontoret på Tingvoll.



## Takk for dugnadsinnsats

Når ein får ei gåve eller hjelp til ei oppgåve, så er ein avhengig av frivillighet. Soknerådet i Straumsnes ville gje ein takk attende, så det vart ei kaffestund kor 24 personar møtte opp av dei 29 som har delteke i dugnaden på menighetshuset. Pynta sal og delikate kaker og hyggeleg prat gjorde dette til ein triveleg fest. Vår pedell, Liv Jakobsen, som har vore den som har teke ansvar for alt som har med det indre liv å gjera. Det er maling, inventar, tekstilar m.m . Gunnar Aasen samla ein ivrig dugnadsgjeng til å få mala huset utvendig. Soknerådsleiaren fortalde om heile den lange prosessen mot å få menighetshuset oppdatert frå eit kondemenertutsatt hus til eit nytt, tidsmessig hus som no er godkjend og som no er hensiktsmessig, brukarvenleg og eit hus der alle trives. Liv Jakobsen fekk ei fin gåve som ein takk for hennar engasjement, Gunnar fekk blomar for den innsatsen han gjorde. Leiar fekk ei fin gåve og som takk for innsatsen. For heile bygda er menighetshuset vorte ein lys, vennleg stad å samlast i for alle dei arrangementa ein måtte ha behov for. Det er viktig å ta vare på frivilligheta og syne at ein er takksam for dei oppgåvene dei tek seg av i soknet. Takk til alle!

*Randi Tøvik*



## Ventetida snart slutt

Dei som har vore innom Straumsneskyrkja dei siste dagane har nok lagt merke til at det no blir arbeidd meir enn vanleg på gravplassen. Hevinga av terrenget på gravfeltet aust for kyrkja har vore planlagt lenge og blir no ein realitet. Vatn Maskinstasjon As har fått hjelp av Ola Vegard Holmeide og Jens Erik Hanem til å køyre inn grus og planere gravfeltet på nytt. Rett over 17. mai vil første del av gravfeltet vere klart til at gravmonumenta kan setjast på plass igjen. Det er mange monument som skal monterast, så dette vil ta nokre dagar. Monumenta blir montert på grus så dei skal stå så godt som mogleg. Det vil vidare vere god matjord i plantefeltet framom. Dei monumenta som er enklast å montere vil bli montert først, slik at så mange som mogleg skal få høve til å plante sommarblomster til nokolunde rett tid. Så snart monumentet er på plass er det greitt å plante i bedet framom. Plen vil også bli sådd, men dette vil skje først når mesteparten av trafikken med montering av gravmonument er gjort. Kyrkjeverja ber om forståing for at monumentmonteringa tar litt tid. Dette er tungt arbeid, og det skal stå både beint og passe høgt og elles vere skikkeleg gjort, så det skal godt gjerast å klare meir enn 10 for dagen. Eit par monument er så store at det kanskje går ein heil dag for kvart monument.

Nærast steingarden vil det stå igjen ei stripe til ein har fått bygd opp igjen ny steingard. Dette vil ta litt tid, men det er sannsynleg at alle gravmonumenta kan monterast utan å måtte vente på arbeidet med steingarden.

Dei to bjørkene som står nær steingarden no vil bli felt. Særleg det eine har store råteskader, og bæe vil bli veldig svekka av arbeidet med steingarden. Utpå hausten vil det bli planta nokre tre fleire stader på kyrkjegarden, og dette vil ein halde fram i fleire år framover.

Nokre av gravmonumenta som har stått ved steingarden ei tid er no flytt opp til museumsavdelinga. Etter kvart vil desse bli montert opp på nytt.

*Øystein Folden*





# SUNNDAL
Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 23 00
Telefaks 71 69 25 44
Åpningstider: ma-fre 09.00-15.00
E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
Kirkeverge: Stig Rune Andreassen
E-post: stig@sunndal-kirke.no
Bildet: Middelaldarkrusifiks, Romfo kyrkje

## Konfirmantfest i Ålvundeid



Tradisjonen tru vart det siste søndag før påske arrangert konfirmantfest for årskonfirmantane og 50-årsjubilantane i Ålvundeid sokn. 1964 var første året at ålvundfjordingane vart konfirmerte i Ålvundeid kyrkje. Tidlegare kull frå Ålvundfjord hadde sokna til Stangvik. Under gudstenesta deltok årskonfirmantane saman med konfirmantprest Laskerud. Etterpå var det samling i Ålvundeid bedehus for både årskonfirmantar med familie og jubilantar. Felles for desse to kulla var at alle hadde vald kyrkjeleg konfirmasjon. For 50 år sidan var det vel vanleg, men kanskje ikkje like sjølvsagt i 2014.

*Tekst/foto: Asbjørn Innerdal*

Jubilantane frå venstre: Rolf Smisetfoss, Magnus Mo, Egil Nerdal, Endre Opdøl, Nils Seljebø, Ildri Kletthammer (Drøpping), Anders Ulvund, Lars Inge Magerøy, Margit Innerdal Nordvik, Berit Kårvatn (Mossing) og Anne Karin Øye.

## Eritreisk påskefeiring

Eritreere har stor påskefeiring har Hov menighet fått merke. I fastetiden har eritreiske ungdommer samlet seg i kirka nesten hver ettermiddag, og påskedagen kulminerte det i en stor fest med tradisjonell mat. De eritreiske kristne inviterte de norske til å være med på påskefeiringen, og mange ble med etter gudstjenesten påskedag til feiring i annekset!

*Helge Storset*



## Ungdomslederleir på Phillipshaugen!

Nå braker det løs igjen!!!

Menighetene på Indre nordmøre samler undommer til Lederleir på Phillipshaugen i Øksendal, Sunndal. 11 til 13 August!

Vi retter oss hovedsaklig til fjorårskonfirmanten. Vi trenger dem til oppdrag i folkekirka! Noen skal brukes som leirledere andre tar også andre oppdrag for kirka.

Ungdomslederleiren på Phillipshaugen er ment å være en første skolering for lederoppdrag.

Dette er en tradisjon som er godt rotfesta både i Tingvoll og Sunndal, men menighetene i Surnadal og Gjemnes har det siste året også hatt flotte ungdommer med på opplegget.



Hovedledere på leiren er:
Cathrine Grutle, sogneprest i Tingvoll.
Jan-Fredrik Laskerud, sogneprest i Ålvundeid.

Påmeldig skjer til ditt lokale kirkekontor!

## Verdas største kristne land

Mao trudde at han kunne avskaffa religion i Kina. Og han trudde at han hadde nådd målet. Under kulturrevolusjonen på 1960-70-talet vart alle kyrkjer stengde. Fortsatt er Kina offisielt eit ateistisk land, men i dag det landet der talet på kristne veks raskast. I 2010 var det 58 millionar protestantiske kristne i landet, og etter offisiell beregning vil Kina bli verdas største kristne land på under ein generasjon, anslagsvis auka til 160 millionar protestantiske kristne fram mot 2025. Inkludert katolikkar vil kristne i landet passera 247 millionar før 2030.
NTB

## Bøker med sjelesørgerisk innhald

«Å kjenna han som kjenner deg» (Bibelstudiebok) – Verbum forlag

«Den bortkomne sønn vender hjem» Henri Nouwen - Verbum forlag

## Maleri gitt til Hov kirke

I Hov er det kommet et nytt bilde. Det er Aslaug Pernille Nordli som har malt det spesielt for Hov.



# Grunnlovsjubileet

**Grunnlova og Hans Nielsen Hauge**
Biskop emeritus Andreas Aarflot seier i ein artikkel om Hans Nielsen Hauge: «Hans Nielsen Hauge bidro med hele sin virksomhet i sterk grad til det nasjonale frigjøringsverket. En lang rekke historikere har gitt uttrykk for sin høye vurdering av Hauges innsats for den sosiale og politiske frigjøring. Mens landets utvalgte forhandlet om det konstitusjonelle grunnlag for folkets liv, vokste det i sporene etter Hauge en folkebevegelse med en innsatsvilje og arbeidslyst som også var nødvendige faktorer i den nasjonale selvfølelse etter 1814, og som bidro til at Eidsvollsverket ble mer enn nasjonalromantiske drømmer.»
(VL)

**Riksforsamlinga og kyrkjene**
Rådgjevar Bente Engelsen ved Riksarkivet seier at det hadde ikkje vore nokon Riksforsamling på Eidsvoll utan kyrkjene. Kyrkjene var hovedarena og prestane var valgadministratorar fram mot Eidsvollforsamlinga i 1814. Utan kyrkjas rolle ville vi ikkje fått gjennomført landsdekkande valg av representantar til Riksforsamlinga. Kyrkjas rolle ved valga til Riksforsamling viser både statsmaktas kontroll over kyrkja og kyrkjas store betydning i samfunnet.

**Grunnlova og jødeparagrafen**
Norges grunnlov frå 1814 var eit unikt fridomsdokument, men det hadde alvorlege skamplettar, spesielt jødeparagrafen, som sa at jødar ikkje hadde adgang til riket, og forbod mot jesuittar og munkeordenar som det tok mange tiår å få fjerna. Først i 1845 var det lov å vera kristen utanfor statskyrkja. I 1851 fekk jødar adgang til riket. Munkeordenar var først velkomne i 1897. Mot 31 røyster bestemte Stortinget i 1956 at jesuittar skulle aksepterast. Ved 150-årsjubileet i 1964 vart religionsfridom teke inn i Grunnlova.

## Haustkonsert i Stangvik: Rhapsody og Davidssalmar

**Laurdag 13. september kl. 17 byr Stangvik kyrkje på eit fyrverkeri av ein konsert - med «Rhapsody in Blue» av Gershwin, «Chichester Psalms» av Bernstein og «Magnificat» av Rutter.**

Klaversolist Sveinung Bjelland, Kristiansund Kammerkor og eit kjempeorkester (inkludert 2 harpistar og 5 slagverkarar!) blir dirigert av Peder A. Rensvik. Dette er haustens første samarbeidsprosjekt med KKKK-Festivalen i Kristiansund.

I klaverkonserten «Rhapsody in Blue» har George Gershwin lagt spenstige jazzelement inn i klassisk ramme. Leonard Bernsteins «Chichester Psalms» (1965) er bibelske salmar (på hebraisk) i fargesprakande tonedrakt. John Rutter er vår tids kanskje fremste kor-komponist. Første del av hans «Marias Lovsong» opnar konserten.



*Sveinung Bjelland er solist i «Rhapsody in Blue»*

## Konfirmasjon
Til deg som fyller 14 år i år. Du er berre eit år frå ein høgtidsdag i livet ditt.
No er det tid for å velja korleis du vil førebu deg på dagen.
Konfirmanttida i kyrkja er ikkje berre for deg som trur. Den er like mykje for deg som tvilar eller berre er nysgjerrig.--
Konfirmasjonstida i kyrkja gir deg høve til å finna ut kva du trur på, lære meir om Bibelen, samtale om kristen tru etc.
Du er invitert til å finne ut meir om deg sjølv og trua på Gud.
For meir informasjon sjå konfirmant.no eller kyrkja.no

## Sitat
«Helbrede kan vi noen ganger. Lindre kan vi ofte. Trøste kan vi alltid.» Hippokrates, den greske legen som utformet den første legeeden.

## Gravsteiner som faller ned
Det er et kjent fenomen på våre gravplasser i Tingvoll at gravsteinen kan velte etter sig i bakken eller på grunn av manglende støtte for sokkelen i blomsterbedet. Det er særlig vanlig i brattere terreng og nå på våren.
Om våren varmer sola opp steinen og jorda tiner fortere der enn ellers slik at marken blir myk og holder ikke lenger vekten av et allerede hellende monument eller det kan være nok med en kraftig vind. Slik det har vært tilfelle noen av plassene.
Det er gravfesters ansvar å påse at monumentet står støtt og er forsvarlig boltet, slik at det ikke er til fare for arbeidsfolk eller besøkende.
Kirkevergen oppfordrer alle til å se til sine gravsteiner nå i vår og forsikre seg om at de står trygt. Kirkekontoret på Tingvoll kan gi råd dersom dere trenger faglig hjelp for å besørge arbeidet.

*Kirkevergen for Tingvoll*

## Fasteaksjonen
Årets fasteaksjon for Kirkens Nødhjelp gav rekordstort resultat med 35 mill kroner for heile landet. Etter TV-aksjonen, som i år også går til Kirkens Nødhjelp, så er KN-aksjonen den største dør til dør- aksjon i Norge. Den har vore arrangert sidan 1967 og går til organisasjonens arbeid over heile verda.
Det beste resultatet i år i samla gaveinntekt var Spjelkavik kyrkje i Ålesund med 227.596,- kroner. Deretter Fjell, Mandal, Gand i Sandnes og Oppsal i Oslo. Det er ikkje publisert prosentvis resultat i forhold til folketalet.
I vårt prosti var resultatet litt over kr. 300 000,-.

## Bladpengar
Takk til alle som har nytta vedlagte giro eller på annan måte har betalt frivillig kontingent for Kyrkjebladet. Det er heilt avgjerande for at bladet kan koma ut. Dersom du ikkje fekk brukt giroen, så kan du fortsatt senda pengar til **Kyrkjeblad for Indre Nordmøre på kontonr. 4050 40 46232.**
Kontonummeret står på siste side i alle blada.
Somme spør kor mykje dei skal betala. Vi har sagt at 150 kroner er ei god hjelp, men er takksame for meir eller mindre. Vi får ikkje anna økonomisk støtte enn gåver.
Vi legg ved giro to gonger i året, men når vi sender bladet til alle, kan vi berre be om frivillig kontingent. Du vil i alle fall få bladet så lenge det går.

*Helsing frå redaksjonen*

Neste nummer kjem veke 37.
Frist for innsending av stoff er onsdag 20. august.

## Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

**Pinsedag – søndag 8. juni**
*Joh 20,19-23 Ta imot Ånden*
Hov kirke kl 11:00 Høytidsgudstjeneste. Storset.
Stangvik kyrkje kl. 11:00 Fellesgudsteneste. Takkoffer
Straumsnes kyrkje kl.11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste ved sokneprest Cathrine Grutle Takkoffer til egen kyrkjelyd.
Straumsnes kyrkje kl.13:00 Konfirmasjonsgudstjeneste ved sokneprest Cathrine Grutle Takkoffer til egen kyrkjelyd.
Gjemnes kirke kl.11:00 Høytidsgudstjeneste. Prost L.E.Grutle. Bokutdeling til 6 åringene. Takkoffer til Familie og medier. Kirkekaffi.

**2. pinsedag – mandag 9. juni**
*Joh 16, 5-11 Ånden går i rette med verden*
Ålvundeid kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste. Laskerud.
Tingvoll kyrkje kl.11:00 Gudstjeneste med nattverd ved prost Leif Endre Grutle Takkoffer til Kyrkjebladet
Øre kyrkje kl.11:00 Familiegudsteneste. Bjørn Hovde Bokutdeling til 6 åringane. Takkoffer til "Barnevakten" Kirkekaffi.

**Treenighetssøndag - 15. juni**
Matt 28,16-20 *Misjonsbefalingen*
Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til Menighetsarbeidet.
Rindal kirke kl.11:00 Høgmesse. Takkoffer til menighetsarbeidet.
Hov kirke kl 11:00 Familiegudstjeneste. Storset. Barnekorene deltar. Brassbandet "Gjallarhorn" blir også med. Takkoffer. SOMMERFEST i prestegårdshagen etter gudstjenesten. Ta med grillmat og noe å sitte på.
Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til misjonsprosjektet i Beghi
Ikornneset kl.12:00 Friluftsgudstjeneste. Bjørn Hovde. Ta med mat, grillen er varm!

**2. søndag i treenighetstiden - 22. juni**
Matt 3,11-12 *Johannesdåp* og dåp med Ånden
Hov kirke kl 11:00 Storset.
Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Kyrkjetrim. Takkoffer til Kirkens SOS
Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Bjørn Hovde. Takkoffer til Maritastiftelsen. Kyrkjekaffi.

**Sankthansdagen/Jonsok – tirsdag 24. juni**
*Luk 1,5-17 Løftet om døperens fødsel*
Åsskard kyrkje kl. 22:00 Jonsvaka. Konsert. Billett

**3. søndag i treenighetstiden – 29. juni**
*Luk 14,15-24 Det store gjestebudet*
Saltrø grendahus kl 11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til Kyrkjebladet for Indre Nordmøre.
Rindal Bygdemuseum kl.19:00 Husmøte. Jostein og Anne Lise Landrø. Normisjonen. (Sunndal: se avisene)
Mo kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til Sjømannsmisjonen
Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til misjonsprosjektet i Beghi
Tingvoll kyrkje kl.11:00 Høgmesse med nattverd ved sokneprest Cathrine Grutle. Takkoffer til Kristen Idrettskontakt-KRIK

**Torsdag 3.juli**
Øye kyrkje kl. 19:30 Sommarkonsert.

**4. søndag i treenighetstiden – 6. juli**
*Mark 10,17-27 Jesus og den rike mannen*
Rindal Bygdemuseum kl.11:00 Tunmesse. Takkoffer til museet.
Hov kirke kl 11:00 Laskerud.
Ålvundeid kyrkje kl 19:00 Laskerud.
Herredsdalen kl.12:00 Friluftsgudsteneste
Gjemnes kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Vikarprest Margrete Telhaug. Takkoffer til Normisjon. Kirkekaffi.

**Fredag 11.juli**
Todalen kyrkje kl.19:30 Sommarkonsert. Vibeke Breian, saxofon, og Johan Martin Røsand, orgel

**5. søndag i treenighetstiden – 13. juli**
*Matt 7,15-20 Falske profeter*
Gjøra kapell kl 11:00 Laskerud.
Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
Øye kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Høgmesse med nattverd. Takkoffer til Amathea

**Aposteldagen/6. søndag i treenighetstiden – 20. juli**
*Luk 5,1-11 Peters fiskefangst*
Valsøyfjord kirke kl.11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til Redd barna.
Øvre Rindal kapell kl.11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til Institutt for Sjelesorg.
Hov kirke kl 11:00 Storset.
Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer

**7. søndag i treenighetstiden – 27. juli**
*Luk 15,1-10 Sauen og sølvmynten*
Innerdalen kl 12:00 Friluftsgudsteneste. Storset.
Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Øre kyrkje kl.11:00 Høgmesse. Nattverd. Vikarprest Margrete Telhaug. Takkoffer til Kyrkjebladet.

Olavsdagen/Olsok – tirsdag 29. juli
*Joh 12,24-26 Hvetekornet*

**8. søndag i treenighetstiden – 3. august**
*Matt 6,19-24 Det udelte hjertet*
Halsa kirke kl.19:00 Gudstjeneste. Takkoffer til Kirkens SOS i Møre og Romsdal
Rindal kirke kl.11:00 Gudstjeneste. Takkoffer til menighetsarbeidet.
Hov kirke kl 11:00 Storset.
Røstasetra kl. 11:00 Friluftsgudsteneste. Takkoffer
Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Høgmesse med nattverd. Kirkens SOS, Møre og Romsdal
Svanavollen kl. 12:00 Setergudsteneste. Vikarprest Margrete Telhaug. Salg av rømmegraut m.m.

**9. søndag i treenighetstiden – 10. august**
*Matt 11,28-30 Jeg vil gi dere hvile*
Romfo kyrkje kl 11:00 Laskerud.
Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer
Åkerfallet kl.12:00. Friluftsgudstjeneste ved sokneprest Catrine Grutle

**10. søndag i treenighetstiden – 17. august**
*Luk 5,27-32 Å kalle syndere til omvendelse*
Rindal kirke kl.11:00 Gudstjeneste.Takkoffer til Det Teologiske menighetsfakultet.
Hov kirke kl 11:00 Laskerud.
Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til søndagsskulearbeidet
Straumsnes kyrkje kl.11:00 Høgmesse med nattverd ved prost Leif Endre Grutle Takkoffer til Familie og Medier

**11. søndag i treenighetstiden – 24. august**
*Matt 23,37-39 Som er høne samler kyllingene*
Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Jubileumsgudstjeneste. Takkoffer til Menighetsarbeidet.
Menighetshytta Skarheim kl.12:00 Gudstjenestlig møte i lag med Meldal. Takkoffer til Skarheim.
Hov kirke kl 11:00 Storset.
Øksendal kyrkje 11:00 Laskerud. Framstilling av konfirmantane. Takkoffer til ny salmebok. 50-årskonfirmantfest.
Ålvundeid kyrkje kl 19:00 Laskerud. Framstilling av konfirmantane. Takkoffer.
Kleppnausta, Bøkleppen kl. 11:00 Friluftsgudsteneste. Takkoffer
Tingvoll kyrkje kl.11:00 Gudstjeneste ved sokneprest Cathrine Grutle. Takkoffer til Egen menighet
Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet. Kyrkjekaffi.

**12. søndag i treenighetstiden – 31. august**
*Matt 6,24-34 Vær ikke bekymret for livet*
Megardssetra kl. 12:00 Gudstjeneste. Takkoffer til Nordmøre søndagsskolekrets
Hov kirke kl 11:00 Laskerud og Storset. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer. Kirkekaffe og foreldremøte.
Romfo kyrkje kl 19:00 Storset. Framstilling av konfirmantane. Takkoffer. Kyrkjekaffe og foreldremøte.
Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer
Øye kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Straumsnes kyrkje kl.11:00. Familiegudstjeneste ved sokneprest Cathrine Grutle. Takkoffer til Egen menighet
Gjemnes kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Kirkekaffi.

**13. søndag i treenighetstiden – 7. september**
*Matt 25,14-30 Talentene*
Rindal kirke kl.11:00 Høgmesse. Konfirmantpresentasjon. 50-årskonfirmantjubileum. Takkoffer til Norges Kristelige Student- og Skoleugdomslag.
Hov kirke kl 11:00 Storset.
Ålvundeid kyrkje (Sjå avisene).
Mo kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer
Stangvik kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer
Batnfjorden kl.11:00 Gudsteneste i messeteltet på Dyregod-dagane(eigen inngang). Takkoffer til Kirkens SOS.

**Laurdag 13.september**
Stangvik kyrkje kl. 17:00 Haustkonsert. Rhapsody og Davidssalmar

**Vingårdssøndag/14. søndag i treenighetstiden 14. september**
*Matt 20,1-16 Arbeiderne i vingården*
Valsøyfjord kirke kl. 11 Gudstjeneste. Presentasjon av årets konfirmanter. Treff for 50-årskonfirmanter. Takkoffer til ungdomsarbeidet i menigheten.
Øvre Rindal kapell kl.11:00 Familiegudstjeneste. Utdeling av 6-årsbok for hele bygda. Takkoffer til misjonsprosjektet.
Øye kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til trusopplæringa
Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer
Tingvoll kyrkje kl.11:00 Høgmesse med nattverd ved sokneprest Cathrine Grutle
Øre kyrkje kl.11.00. Konfirmantpresentasjon og 50-årskonfirmantjubileum. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

# DØYPTE — VIGDE — DØDE

## Døypte

HALSA
20.04. Jo Vaagland
20.04. Malin Sæther
VALSØYFJORD
04.05. Sigurd Wilsgaard Nilsen
04.05. Svein Marcus Gulbrandsen
RINDAL
06.04. Peder Sande
06.04. Olai Fosseide Bjørnås
06.04. Magnus Løften
06.04. Ildri Grytbakk Heggem
HOV
23.03. Anne Marit Leangen Kristiansen
06.04. Trym Stafsnes Kallmyr
06.04. Olivia Nygård
13.04. Lian Bugge Tjugum
13.04. Mia Seljebø Resell. Døpt i Tingvoll kyrkje
13.04. Isak Gikling
13.04. Ingrid Eline Solem
13.04. Frida Kittelsen
01.05. Ida Ulseth Baxter. Døpt i Skatval kirke
11.05. Oline Rønning
ROMFO
30.03. Colin Gjersvik Vogt
ØKSENDAL
03.05. Henrik Smistad
ÅLVUNDEID
09.03. Jostein Dalsegg Kalset
13.04. Mio Fiske Seljebø. Døpt i Tingvoll kyrkje
ÅSSKARD
17.05 Amalie Berntine Solem
MO
13.04 Sebastian Strand Fundingsland
ØYE-RANES
06.04 Luna Lovise Arnestad Holten
20.04 Aurora Mathea Bergmann
TODALEN
21.04. Natascha Maria Pereira Nordvik
STANGVIK
20.04. Selma Andreassen Moe
20.04. Arvid Moen
20.04. Vilje Moen
TINGVOLL
30.03. Simon Nebijo Karlsen Steinshamn
13.04. Egil Fossum Bergem
13.04. Mia Seljebø Resell
13.04. Mio Fiske Seljebø
13.04. Maiken Kristine Næss Gjøvik
20.04. Olav Pedersen Haugvik
STRAUMSNES
23.03. Rakel Rønninghaug
21.04. Camilla Hellesfjord Bakken
21.04. Thea Sofie Vatn Rolfseng
GJEMNES
06.04 Liam Klinge
04.05 Johanne Apold Lillebø
04.05 John Blakstad
ØRE
30.03 Ada Hoem
30.03 Teodor Sørli
11.05 Una Malme Halle

## Vigde

ØYE-RANES
12.04 Wibecke Faksnes og Ove Rodal
03.05 Alette Granhus og Dag Skei
ØRE
31.01 Manilyn Rodimo Dayon og Ivar Hestnes

# Andakt

**Luk. 9**

*Disiplene begynte å tenke på hvem som var den største av dem. Men Jesus skjønte hva tanker de bar på. Han tok et lite barn og stilte det ved siden av seg og sa til dem: Den som tar imot dette barnet i mitt navn, tar imot meg. Og den som tar imot meg, tar imot ham som har sendt meg. For den som er den minste av dere alle, han er stor.*

**Denne teksten har to tema.** Det ene er at den minste er stor. Det skal vi ta med oss! Det handler om at vi ikke skal stole på våre egne menneskeskapte hierarkier og autoriteters vurdering av verdi. Vi er ikke først og fremst større eller mindre enn hverandre, vi er først og fremst hverandres medmennesker.

**Det andre temaet er et av mine favoritt temaer i evangeliet**. Vi kan kalle kategorien for "Disiplene dummer seg ut og får reprimande av Jesus." For meg er dette historier til trøst og tro.

**Denne gangen hører vi hvordan disiplene inngir seg på tøvete diskusjoner** om rangordningen mellom dem. Og Jesus blir både irritert og sikkert skuffa. Og må forklare dem nøye og med tydelige eksempel, hva som er rett. Evangeliet har flere slike historier om hvordan disiplene misforstår og tar feil, men likevel, og dette er viktig, fortsetter å være disipler! Fortsetter å følge etter.

**Det sies jo i noen sammenhenger at seierherrene skriver historien.** Og det faktumet er tydelig for oss i mange sammenhenger. Derfor er det så rart at dette tvetydige bildet av disiplene er bevart. Ettersom kristendommen kom til å vinne terreng og bli en seierherre i verden, ville det jo vært så enkelt for kirka å polere bort disse historiene, å male et plettfritt glansbilde av disiplene. Til forbilde og inspirasjon. **Det har ikke skjedd!** Nyansen er beholdt! Fremmstillingen av de famlende og snublende disipler er tatt vare på.

**Hvorfor er jeg så glad i disse tekstene?** Jo, fordi jeg kan kjenne igjen meg selv i dette. Snublende og famlende. **Og** jeg kjenner igjen min egen kirke i dette bildet. Famlende, snublende, …men fortsatt forblivende i etterfølgelse. Denne teksten hjelper meg til å tro på at jeg som famlende og snublende menneske likevel kan våge å kalle meg disippel. Det er ikke er som feilfrie og rettroende vi er kallet til å være disipler. Men som de menneskene vi er.

**Det å være disippel,** etterfølger, eller læresvein, det kan vi noen ganger høre misforstås, slik at å være "den gode disippel", liksom skal være å være "ferdig utlært". "Den gode disippel" det er en som ikke gjør feil lenger, en som dypest sett ikke har mer å lære. En som selv er mester.

**Det er jo en gedigen missforståelse!** Hadde det vært slik, ville vi ikke kunne døpe barn til disipler. Barna har jo alt å lære! Å være disippel var aldri ment som en oppgave for de feilfrie. **Det å være disippel er ikke å ha alle svar, men å tørre å søke dem. Det å være disippel er ikke å ha den rette tro, men å søke den.**

Selv om vi i pinsen fikk den Hellige Ånd til å rettlede oss, er det ikke til å komme fra at vi som kirke likevel opp igejnnom ofte har oppført oss ekskuderende og fremmedgjørende ovenfor mange av våre med-disipler og med-mennesker. Når man tenker på slikt blir man lett bedrøvet. Da er det viktig at vi husker at kirka IKKE vil være rett troende, bre fordi den er kirke.

Kirka tar også feil, og dette vil kunne irritere oss, og provosere oss. Men på samme måte som Jesus og disiplene beholdt fellesskapet og samhørigheten på tross av uoverenstemelser og missforståelser, skal vi også få tenke at det er et fellesskap mellom oss, som også skal tåle at det taes feil i livet.

For vi er døpt, i Faderens og Sønnens og Den Hellige Ånds navn. Vi er disipler og sammen er vi kirke. Vi skal være kirke, ikke bare for oss selv, men for verden.

Og husk; Den minste kan være den største!

**Ære være Faderen og Sønnen og den Hellige Ånd som var er og blir en sann Gud fra evighet til evighet amen.**

*Jan-Fredrik Laskerud*

## Kyrkjestatistikk

Meir enn 50 000 fleire gjekk til nattverd i 2013 enn året før, antall nattverdgjester auka med 4 prosent, 1,3 mill nattverdgjester, og det var arrangert nær 5 prosent fleire gudstenester med nattverd enn året før.
I fjor vart det arrangert 64.027 gudstenester i den norske kyrkja, i halvparten av desse var det nattverd. Men både gudstenestetalet og antal deltakarar gjekk ned med 1 prosent frå 2012 til 2013. Gjennomsnittstalet deltakarar på kvar gudsteneste i 2014 var 97,8 personar. (I 2012 var talet 98,2)
Kyrkjerådets konklusjon er at færre går i kyrkja kvar søndag, fleire er på gudsteneste ein gong i blant, dåpsfølgja er større enn før og deltek meir i gudstenesta, kyrkjetida er ikkje lenger heilag tid for mange.
Det var ein auke i kyrkjeofringar på 8,5 prosent, tils 30,7 millioner kroner.
*Kjelde: Statisk sentralbyrå og Kyrkjerådet*

## DØYPTE — VIGDE — DØDE

### Døde

HALSA
30.03 Erling Helgemo f. 1940. Begravd ved Horg kirkegård i Melhus.
08.04 Egil Røe f. 1925
15.05 Aase Baarset f. 1943
VALSØYFJORD
23.03 Grete Sæther f. 1937
22.04 Ole Ingmund Ness f. 1932
28.04 Else Marie Botten f. 1923
RINDAL
14.03. Brynhild Lilleløkken f. 1917
29.03. Peder O. Heggem f. 1920
29.03. Marit Jacobsen f. 1921
01.04. Reidar Helgetun f. 1929
05.05. Ingrid Kirkholt f. 1932
MO
30.04 Marit Moen f. 1918
ØYE-RANES
17.03 Unni Ikäheimonen f. 1954
24.03 Agnes Kaspara Honnstad f. 1921
04.04 Mali Aarnes f. 1929
18.04 Lars Petter Heggset f. 1944
26.04 Lars Sjøasæter f. 1935
28.04 Leif Mauset f. 1921
06.05 Johanne Røen f. 1935
HOV
30.04. Aina Alise Brevik f. 1929
29.04. Erik Husby f. 1922
22.04. Randi Olina Jacobsen f. 1949
16.04. Ruth Gjershaug f. 1932
02.04. Åse Irene Bersås f. 1923
26.03. Marie Ingeborg Mandal f. 1922
26.03. Grete Irene Mellemseter f. 1957
23.03. Arne Røe f. 1927
14.03. Gunn Frida Sliper f. 1948
13.03. Anny Hilstad f. 1932
03.03. Øystein Torvik f. 1926
28.02. Inge Arvid Bersås f. 1947
03.03. Frøydis Nerland f. 1934
01.03. Kjellaug Johanne Meisingseth f. 1932
27.02. Inger Marie Jektvik f. 1939
ÅLVUNDEID
14.04. Ola Inge Drøpping f. 1987
TINGVOLL
01.02. Magnar Bergheim f.1922
15.03. Mary Nekstad f.1922
15.03. Gunvor Saltbones f.1920
25.03. Ingvar Bergem f.1931
26.03. Ruth Ingebjørg Aasbø f.1932
25.04. Marie Sæter f.1917
03.05. Erik Mikal Nymark f.1932
STRAUMSNES
22.03. Edel Brevig f.1929
05.05. Ingrid Agnete Einseth f.1920
ØRE
19.03 Mary Harstad f. 1941
01.05 Hjørdis Aslaug Naastad f. 1925



# HALSA
Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
Kirkekontoret 71 55 96 39
E-post kirkeverge:
kirkeverge@halsa.kommune.no
Bildet: Halsa kirke

# Kyrkja i Halsa



Kyrkjelyden er kjent med at ingen har søkt stillinga som sokneprest i Halsa. Organiseringa av prestetenesta i landet er under stadig endring ,og prestane vert sette til å gjere teneste i større område enn kva tilfellet var før. Kyrkja er viktig for alle, einskildpersonar, lokalsamfunn og for nasjonen – i fest og i motgang. Eg vonar prost og bispedømeråd finn ei god løysing for Halsa slik at folket får ei presteteneste dei kan kjenne seg trygge på.

I om lag eit år har eg vikariert i stillinga som prest her, og eg vil takke for alle fine stunder vi har hatt saman - i glede og sorg. Det har vore ei stor glede for meg å kunne avslutte mi presteteneste nettopp her i Halsa. Det har vore ei særleg stor glede å få vere saman med konfirmantane , og å delta i utforminga av ny liturgi for kyrkjelydane. Eg har vorte imponert over alt det gode arbeidet som vert utført -i kyrkjelyden, i kommunen, i barnehagar, i skulen og ved sjukeheimen. Alle arbeider så samvitsfullt og seriøst. Konfirmantane har med innleving og stort alvor delteke i gudstenestene og gjeve kyrkjelydane gode opplevingar. Dei fleste konfirmantane har møtt opp til mange fleire enn dei 8 «pliktgudstenestene». Det tyder på at dei har sett pris på gudstenestefellesskapet. Vi i kyrkja har fått godord for den fine måten konfirmantane har delteke på, men det er heimane og skulen som skal ha ros, for det er der den grunnleggjande livshaldinga er forma, ei livshalding dei unge har vist i si framferd i kyrkja og livet elles.

Kyrkja er ein viktig institusjon i lokalsamfunnet. Kyrkjeverje Ingunn Reiten har ein stor og krevande jobb som ho utfører på beste vis. Eg vil takke henne for det fine arbeidet ho gjer, og for det gode samarbeidet vi har hatt.

*Torbjørn Brøske, snart pensjonist*

## Leir på Gråhaugen
Nå har alle fra 1.- 8. klasse fått invitasjon til leir på Gråhaugen. I år er det kamp om plassene, så her gjelder det å melde seg på.
Det blir arrangert fire leirer: Dagsleir for barn født 2004-2007. Overnattingsleir for barn født 2003-2006. Overnattingsleir for tweens 200-2002.
Leirene er på Gråhaugen fjellstue i Folldalen. Der ligger det godt tilrette for friluftsliv og aktivitetar.
Vi ser at de som har vært på Gråhaugen, de kommer igjen. Derfor er det veldig viktig at dagsleiren blir brukt som blikjent-leir. Send de unge «poder» alene eller sammen med noen eldre søsken, besteforeldre eller andre kjente. Vi har mulighet til å ta imot mange. Dagsleiren inneholder bibeltimer, sang, ut på tur, aktiviteter og mye lek og moro. Skyss fra Kyrkjelydshuset for de som trenger det. Hentingen må dere ordne selv.
Vi er så heldige at ungdommer ser på Gråhaugenleirene som en flott og trivelig sommerjobb. I år rekrutterer vi fra mange deler av landet vårt. De fleste med erfaring som leirleder. Noen er ferdig utdannet lærer, barne- og ungdomsarbeider og ferdig med videregående skole.
Leirene er en viktig og stor del av trosopplæringa vår. Vi gleder oss til å møte mange flotte unger med mye liv og aktivitet.
For informasjon: Ring 99518162 eller sjå www.youtube.com og søk på Gråhaugen.

*Hilsen Kirsti, Elsa og Aud Brynhild.*



## Sitat
«Den som blir trøstet, får i neste omgang evnen til å trøste andre. Den som derimot blir tvunget til bli ufølsom for sin egen smerte, blir også ofte ufølsom overfor andres.» Torborg Aalen Leenderts, sosionom og høgskolelektor med spes i familieterapi.

## Dugnad på kyrkjegardane
Det har vore godt oppmøte til dugnadane på kyrkjegardane i Valsøyfjord og Halsa. Ein stor takk til alle som møtte opp og hjalp til med reinhaldet. Takk og til dei som serverte kaffe og gode kaker.





# SURNADAL

Øye - Mo - Ranes

Kyrkjekontoret 71 65 70 60
Telefaks 71 65 70 61
Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund@surnadal.kommune.no
Biletet: Ranes kyrkje - Stangvik kyrkje



# Barnekorfest i Stangvik



Barnekoret La Maitrise de Conservatoire d'Asnieres sur Seine frå Paris gjesta Stangvik kyrkje laurdag 10. mai. Saman med Jubilate frå Surnadal og det nystarta Stangvik Jentekor gledde dei ei stor forsamling med frisk og vakker song.

Programmet inneheldt operautdrag (Carmen), barnesongar, Grieg («Ku-Lokk» endatil på norsk), «Pie Jesu» (Fauré), folketonen «Akk, mon min vei» frå Stangvik, musical- og filmglimt og eit artig Mozart-potpourri med franske matrettar (!) som tekst. Natalia Raykner dirigerte med autoritet, og pianist Magnhild Frydenlund Brøske spela sikkert og smakfullt til.

Under utgangen stemte heile forsamlinga i kroningshymnen «Dette er dagen» - med vidunderlege franske barnesopranar som klangleg glorie på toppen. Jau – barnekor er god investering, i både stemmeutvikling, musikalitet, vennskap og samhandling - på tvers av språkbarrierer og landegrenser!

*BGB*

## Sommarkonsert i Todalen

Den årvisse sommarkonserten i Todalen kyrkje er denne gong lagt til fredag 11. juli kl. 19.30. Vibeke Breian spelar saxofon, og averøyingen Johan Martin Røsand (no organist i Vang på Hedmark) trakterer orgelet som solist og tonefølgjar.



## Påskekonsert

Kristiansund Festivalkvartett med Sigrid Vetleseter Bøe som sopransolist hadde konsert i Todalen kyrkje og Hov kirke skjærtorsdag. Det var godt oppmøte til konserten som inneheldt vakre tonar av Mozart, Vivaldi, Schubert, Verdi, Beethoven, Faurè, Ravel og Pärt. Det siste stykket var så spesielt at musikarane måtte stemme om instrumenta, men gripande stemningsfullt.
Sigrid song fire solonummer m.a «Pie Jesu fra Requiem» av Faure og Desdemonas bønn fra operaen «Otello».

*ERE*



## Songkveldar for brukarane av habilitetstenesta i Rindal og Surnadal våren 2014

I vår har kyrkja arrangert to samlingar i Surnadal og ei i Rindal. I Surnadal held vi til på kyrkjelydshuset, og i Rindal får vi bruke fellesrommet på Midtgard. Vi er så heldige å ha med gode hjelparar på desse samlingane. Oddveig organist er sjølvskriven på piano. Elles har Karen-Oddny og Sigfred Gravvold vore med og leia allsongen og hjelpt til med dramatisering av bibelteksten ilag med brukarane. På kjøkkenet har vi også hatt fleire frivillige, som steiker vaflar og koker kaffi for heile gjengen. I Rindal var Jan Sturla Jensvold med på samling med trekkspelet sitt (sjå bilete). Der diska dei opp med skikkeleg kveldsmat. Tusen takk til alle gode medarbeidarar.

*Helsing Kirsti og Aud Brynhild*

## Sommarkonsert i Øye kyrkje



Tors.3.juli kl.19.30 blir det konsert i Øye kyrkje. Det blir song av sopran Lone Eines og baryton Knut Iversen. Kantor Oddveig Helset Halle akkompagnerer på piano/orgel. Vi får og høyre unge Kirsten Næss på fiolin med Linda Torvik som tonefylgje på piano.
Velkomne i sommarkvelden!

## Pilegrimsvandring

**2. pinsedag 9. juni 2014**

Oppmøte på kyrkjelydshuset i Surnadal kl. 10.00. Vandringa går frå Østbødalen, opp Kyrkjebakkan, langs den gamle kyrkjevegen via Ranessetra og til Ranes kyrkje. Der avsluttar vi med pilegrimsmesse. Turen tar ca. 4 timar og er open for alle. Det blir mange pausar undervegs med pilegrims-historie, undring over skaparverket, song og bøn. Ta med mat, sitteunderlag og gode sko/klede. Arrangør: Kyrkja i Surnadal ( 71657060/97540817)



## Kyrkjedugnad

Todalingane målar kyrkja si på dugnad igjen. Det er nokre år sidan sist, og det er full aktivitet med vasking, spyling, skråping og måling. Nokre plankar må også skiftast. Dei som ikkje greier å vera med på arbeidet, stiller opp med mat og hjelp elles. Det fine vårveret og stor oppslutnad har gjort at arbeidet har gått fort.

*ERE*



# STANGVIK
Stangvik - Todalen - Åsskard



# RINDAL
Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

## Vårkonsert

Salt og Peppers vårkonsert i Rindal kirke 23.april var en felleskonsert med Jubilate fra Surnadal.



Det er moro å synge sammen. Trivelig å få besøk av Jubilate fra Surnadal. Det er moro å synge sammen. Trivelig å få besøk av Jubilate fra Surnadal.

## Jonsvaka og Sagavøkku: Gregoriansk og folkeleg

Sidan 1982 har Åsskard Kyrkjekor invitert til kyrkjeleg kulturfest ved St. Hans-tider – i pakt med tradisjonen frå mellomalderen. Den 33. «Jonsvaka» i rekkja blir feira om kvelden på sjølve jonsokdagen - tysdag 24. juni i den vakre Åsskard-kyrkja.



*For 33. år på rad inviterer Åsskard Kyrkjekor til «Jonsvaka».*

Arrangementet er altså flytta frå den opprinnelege datoen. Programmet spenner vidt og startar kl 21.00 med verbalt og visuelt kulturprogram inspirert av eit mangfaldig jubileumsår. Etter triveleg kaffepause blir det kl. 22 «Midnattskonsert» med gregoriansk song, religiøse folketonar frå Nordmøre og nyare musikk. Altså eit kyrkjemusikalsk spenn over tusen år.

Åsskard Kyrkjekor er også invitert til årets Sagavøkku i Melhus. Tysdag 3. juni syng koret deler av Jonsvaka-programmet i gregorianikkens rette miljø – nemleg i stavkyrkja på Kolbrandstad ved Hølonda.

*BGB*

## Babysong våren 2014



Til påske avslutta vi ein ny runde med babysong på kyrkjelydshuset på Skei. Det var i gjennomsnitt ti mødrer med born, som kom saman desse seks torsdagane i vår. Vi brukte stort sett same opplegg kvar gong, for å skape gjenkjenning. Songar og regler vart samla i eit hefte, som foreldra fekk med seg heim. Vi avslutta kvar samling med Velsigninga. Etter sjølve programmet hadde vi formiddagsmat, som frivillige medarbeidarar ordna med. Vi fekk tilbakemelding frå mødrene om at det var godt å gå til dekka bord i ein elles travel kvardag. Det har vore ein fryd for oss å ha desse samlingane, og vi håpar at vi kan ha nye til hausten.

*Helsing Kirsti og Aud Brynhild*

## Bispevisitas i Rindal

23. - 28. september 2014 blir det bispevisitas i Rindal Sokn. Da kommer biskop Ingeborg Midttømme med følge hit for å møte stab, sokneråd, frivillige, politikere, næringslivet, skoler, barnehager, helseinstitusjoner osv for å få et innblikk i det som rører seg i Rindal. Formålet er å støtte, inspirere og veilede, og litt kontroll. Søndag 28. september blir det visitasgudstjeneste i Rindal kirke. Mer om programmet kommer i neste nummer av Kyrkjebladet.

*KF*

## Rindal barneforening

Mandag 12. mai hadde Rindal barneforening si siste samling dette vårsemesteret. Temaet var Den Hellige Ånd, og barna fikk høre om han som skulle være hjelperen vår når Jesus for opp til Himmelen, enkelt og greit. Så var det mat, utlodning og leiker. Flott at noen har tid og omsorg for barna. Stor takk til Arnhild, Randi, Britt og Inghild. *KF*



## Fasteaksjonen 2014

Også i år gikk konfirmantene med bøsser for å samle inn midler til Kirkens Nødhjelps arbeid. I Surnadal og Rindal var over 100 konfirmanter engasjert og de samlet inn til sammen ca 125000 kr. Takk igjen til alle som var med å dra dette apparatet som skal til for å gjennomføre en slik aksjon. Takk til sokneråd, frivillige og foreldre som bidrar med mat og kjøring. Takk til Johansen bakeri for boller også dette året. Midlene blir brukt der katastrofen inntreffer og går i år ikke til ett spesielt formål. Kirkens Nødhjelp er tilstede over hele verden der sulten, krigen eller naturen herjer med menneskene.

I høst blir det mulighet for å støtte arbeidet igjen da TV-aksjonen i år er tildelt Kirkens Nødhjelp.



# Petter prest flytter

Etter 20 års presteteneste i Øre prestegjeld har Petter Dahle fått nytt kall i Rauma og flytter til Isfjorden der han vaks opp som barn og kor han har tatt over barndomsheimen.
Som eineprest for to kyrkjer og eit kapell og institusjonar, utan diakon eller kateket, har han nok hatt fullt opp å gjera. Han føler at ein er med på det meste, har kontakt med alt som skjer, alle gudstenester, kyrkjelege handlingar, konfirmasjon og trusopplæring, med trusopplærar i delstilling.
«Mangfoldet er det beste ved tenesta,» seier Petter, «det å få møta folk i dei ulike livsfaser. Eg har fått leva med folket og vorte ein del av dei. Det fine er å få vera med på å peika på vegen, formidla det som eg meiner er sant og haldbart. Også vera med i det daglege og kvardagslege og visa veg til noko større.»
Petter og kona Åshild har også vore med på det som skjer på bedehuset, så langt tida strakk til. Han meiner at den kristne folkehøgskulen Høgtun har prega bygda. I kyrkjeleg sammenheng har dei nytt godt av det i form av gudstenestedeltaking og eit visst samarbeid med musikk etc. Ein stor fordel for menighetslivet. Han meiner at gudstenestedeltakinga i kyrkjene til dels er bra, det spørs kva målestokk ein måler etter.
«Vi har eit godt, aktivt og levande gudstenestefellesskap. Men terskelen for å delta i nattverd er høg. Det er vanskeleg å vita grunnen, men kanskje vi ikkje har fått formidla behovet nok?» undrast Petter prest.
«Forkynninga er ei utfordring når ein har vore så lenge på same stad, men eg prøver å finna aktuelle innfallsvinklar, og min teologi er Jesus-sentrert. Alle trådar samlar seg inn mot Jesus. Vi menneska er veldig forskjellige, med ulike tankar, og kan ha forskjellige utgangspunkt, men kan likevel finna fram. Det er mange vegar som kan føra inn til kyrkja.»
Petter Dahle er 62 år og er glad i å vera ute i skog og fjell og å stella i hagen. Åshild er lærar og reknar med å få jobb der dei kjem eller pendla tilbake. Dei har tre vaksne born som lever, mista eit barn før det var eitt år, noko som sjølvsagt har prega livet deira. No har dei også tre barneborn.
Petter tykkjer det er interessant å koma inn i ei ny setting i eit større kollegialt fellesskap med to andre prestar. Men han seier at det er effektivt å vera små, ein kan få gjort mykje med få personar. Kyrkjekontoret i det gamle kommunehuset må vel i alle fall vera spartansk nok! Noko presten også samtykker i.
Petter har og stor erfaring som prostevikar i fleire periodar og har sett andre forhold, men har vore tilfreds.
Det er snart pinse, og Petter seier at pinse er Gud i dagleg funksjon, i livet vårt og i kyrkja.
Om kyrkjas framtid tenkjer han at brotet med staten er ei naturleg utvikling som sjølvstendiggjer kyrkja. Den nye liturgien er ei stor omveltning, men det er lov å prøva seg fram, og den gir høve til å involvera fleire i tenesta slik at dei kjenner det som si gudsteneste.
Han tykkjer dei indre stridsspørsmåla i kyrkja er svært utfordrande og det gir grunn til å lura på kor lenge ein skal fortsetja i denne kyrkja.
«Men eg er så glad i kyrkja og ønskjer å vera her med frimod vidare også? Kanskje det blir to kyrkjer under same tak?» undrast Petter Dahle.
«Det er vemodig å bryta opp,» seier han, «vi har hatt gode år her, vart tatt godt imot, og det har vore godt å bu her som familie. Det er tankevekkjande - kva vart det av dei tjue åra? Det får liggja i Guds hand.»
Som ei helsing til kyrkjelydane i Øre og elles i prostiet vil Petter Dahle seia:
«Tenk over at kyrkja ikkje er der automatisk! Det går ikkje av seg sjølv. Menneske må samlast – for å møta Gud. Hvis vi tenkte at neste søndag som kjem er siste sjanse eg har til å vera med på gudsteneste, da må ein vera med. Menighet og kyrkje er folk som samlast for å tilbe og høyra og koma med heile livet sitt framfor Gud. Det er lett å tenkja at kyrkja er der i tilfelle vi får bruk for henne, noko som vi også skal få lov å tenkja, men ei levande kyrkje treng levande folk.»

*Einy Rendal Elgsæther*



Foto: Gunnar Sødal



*Foto: ERE*







Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

**Utgjevar:**
**SOKNERÅDA PÅ INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:
Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81
E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Ole Trygve Foseide
☎ 976 82 829
E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:
Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:
Prosit design og kommunikasjon as
☎ 71 66 50 80
E-post: post@prosit-design.no
6657 Rindal

TRYKK:
Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller

KYRKJEBLADET PÅ NETT:
http://www.rindal.kirken.no/

Sjå øvst til høgre på menylinja